

**Notat**Dato: 04.11.2016  
Arkivsak: 2016/32836-1  
Saksbehandlar: josfare

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune, framlegg til Statsbudsjett 2017 og endra handlingsrom**

Forslag til Statsbudsjett 2017 som vart lagt fram 06.10.2016 legg opp til ein vesentleg reduksjon og endra målstruktur for dei Regionale utviklingsmidlane, samanlikna med tidlegare år. For Hordaland fylkeskommune sin del er dei regionale utviklingsmidlane foreslått redusert frå 49 mill kr til 45 mill kr. Av denne løyvinga er 9 mill kr øyremerkta omstilling og ca 20 mill kr bedriftsretta midlar som Innovasjon Noreg forvaltar. Det inneber at fylkeskommunen har ca 15 mill kr att til alle øvrige formål inklusiv partnerskapsmidlar for 2017. Samstundes er det innført sterkare målstyring av midlane. I fjor var tilsvarande sum ca 25 mill kr og med vidare målstyring.

Den nye målstrukturen tydeleggjer den geografiske målrettinga av budsjettmidlane – med eitt hovudmål for distriktpolitikk og eitt for regionalpolitikk. Dei nye måla legg vekt på økonomisk omstillingsevne noko som inneber ei prioritering av bedrifts- og næringsretta tiltak.

**Tabell 1:** Nye mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i områder med spreidd busetting og store avstandar 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i områder med få innbyggjarar
2. Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

### **Partnerskapsmidlar**

På bakgrunn av denne omlegginga er det sendt ut brev til alle næringsretta aktørar som mottar partnerskapsmidlar frå Hordaland fylkeskommune, kor ein orienterer om dei førebelse rammene og informerer om at dette kan medføre reduksjon eller bortfall av støtta. Brevet som er datert 07.10.2017 er lagt ved denne saka.

I Fylkesrådmann sitt budsjett for 2017 er det ikkje fremja forlag om kutt på dei fylkeskommunale midlane som går til næringsretta partnerskap, utover dei midlane som tidlegare gjekk til Business Region Bergen.

Fylkesrådmannen vil, så snart Statsbudsjettet 2017 og Fylkesbudsjettet 2017 er vedteke, fremje sak til Fylkesutvalet kor ein presenterer korleis midlar til næringsretta partnerskapsaktørar kan fordelast i 2017. Som tidlegare år ser ein då dei fylkeskommunale og statlege midlane i heilskap.

### **Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017**

Regionalt næringsforum i Hordaland (RNF) handsama 26.10.2016 ei sak om å starte opp arbeidet med HNH 2017 og gjorde følgjande vedtak:

1. RNF går inn for det skisserte opplegget for framdrift og organisering av arbeidet med revisjon av HNH for 2017 og ber om at utkast til HNH 2017 blir lagt fram til møtet 20. desember 2016. I tillegg ber RNF om å få tilsendt på epost utkast til retning og prioriteringar så snart dette er klart frå arbeidsgruppa slik at dei har moglegheit for å kome med innspel i prosessen undervegs.
2. Det opprettast ei arbeidsgruppe med tilsvarande samansetting som tidlegare år, men kor Bergen kommune og/eller ein kommune frå det distriktpolitiske område erstattar BRB og kor næringsaktøren kjem frå det distriktpolitiske området.
3. I utarbeidinga av HNH 2017 må ein ta omsyn til dei nasjonale føringane, men det er ikkje ynskjeleg med ein fullstendig omarbeiding av HNH.
4. Det blir utforma eit brev/tilsvar til synspunkta på bruken av regionale utviklingsmidlar til leiaren i Kommunalkomiteen. Eit forslag sendast på epost til medlemene i RNF.

HNH 2017 vil presentere eit forslag om fordeling av midlar mellom dei ulike innsatsområda knytt til nærings- og lokalsamfunnsutvikling, som ligg innanfor dei nye rammene i Statsbudsjettet 2017. Handlingsprogrammet vert fremja som eiga sak til Fylkesutvalet.

### **Nytt moglegheitsrom**

Fylkesrådmann vil òg definere moglegheitsrommet som fylkeskommunen har innan arbeidet med næring- og lokalsamfunnsutvikling, på bakgrunn av den nye målstyringa til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Reduserte partnerskapsmidlar vil føre til auka trong for innsats frå egne rådgjevarar om Hordaland fylkeskommune framleis skal vere ein offensiv aktør innan regional næringsutvikling. Dette arbeidet vil ta opp korleis rådgjevingsressursane kan nyttast enno meir effektivt, og verte enno meir relevante.

Fylkesrådmannen vil leggje fram dette arbeidet i samband med HNH 2017 og eventuelt fremje ei eiga sak til Fylkesutvalet vinteren 2017.

Vedlegg

- 1 Brev til næringsretta partnerskapsaktører om mogleg bortfall av støtte